

# Grånheia

Ei gåve til alle Åmlifolk!



Stiftinga Åmli bygdetun

**Stiftinga Åmli Bygdetun** såg dagens lys i 2000. I etterkant er det danna ei venneforeining rundt styret. Venneforeininga jobbar med vedlikehald og utvikling av Grånheia. Målet er å ivareta dei ideane Emmy stod for og skape aktivitet på Grånheia for både born og vaksne.

Eit medlemskap i **Venneforeininga** kostar 200 kr i året. Du vil også få invitasjon til å vere med på tilstellingar av ulike slag, samt dugnader. Bli med i eit sosialt lag med felles mål om å bringe vidare historia til nye generasjonar og halde kunnskap og tradisjonar levande!

Kvart år, den første søndag i advent, blir det arrangert **julemarknad** på Grånheia, der lokale produsentar av alt frå julenek til handarbeid sel produkta sine og skapar ei hyggeleg førjulsstemning i tunet. Marknaden blir arrangert i samarbeid med handelsstanden i Åmli, som har julegateopning same dag.

Det er mogleg å **leige lokala** på Grånheia til ulike arrangement. Ein kan til dømes ha bakedagar i eldhuset og barneselskap på låven. Innhuset kan også nyttast til private arrangement. Det kostar 200 kr å leige Grånheia.

*Vi oppfordrar Åmlifolk til å bruke denne kulturskatten midt i sentrum!*

Ta kontakt med:

## **STIFTINGA ÅMLI BYGDETUN**

c/o Åmli kommune, gata 5, 4865 Åmli

Kontaktperson: kulturleiar Tonje Ramse Trædal, tlf. 92629512 eller 37185264,

e-post

[tonje.ramse.traedal@amli.kommune.no](mailto:tonje.ramse.traedal@amli.kommune.no)

eller leiar i stiftinga Åmli bygdetun: Kari Hagelia Olstad, tlf. 41643435

**Grånheia** er eit småbruk med eit innhus frå 1800-talet, eit uthus, brønnhus og nytt eldhus med bakaromn. I tillegg er det noko innmark og ein gammal hage med blant anna frukt, bær og kjøkkenhage.

**Grånheia** ligg i Åmli sentrum, eit steinkast frå Beverborga barnehage, Klokkargarden barnehage, Åmli skule, og Tvedestrand og Åmli vidaregåande skole, og blir mykje nytta av barnehagane og skulen.

### **Emmy Hookham (1920-2004)**

Emmy blei fødd i Amerika i 1920 av norske foreldre.

Då ho var lita, flytta ho til bestemora som budde på Grånheia.

Ho utdanna seg til husstellærar.

Frå 1956 til 1981 jobba ho for FN over heile verda.

### **Bakgrunn :**

Gunder Gunsteinson var yngste sonen på garden Gjøvland. Han gifta seg med Tone Jørgensdatter frå Åraksbø i

Setesdal. Dei kjøpte Grånheia, og flytta inn i 1893. Tone og Gunder fekk tre born: Margit, Gunstein og Guro. Gunder døydde tidleg, og Tone dreiv den vesle garden vidare saman med sonen. Døtrene reiste til Amerika. Då dei kom heim att i 1919, var Guro, som hadde gifta seg der borte, gravid. Ho hadde fått tuberkulose, og legen rådde til at ho reiste heim til den reine lufta i Åmli.

I april 1920 vart så Gloria Emmylou Hookham fødd. Mora døydde då Emmy var 7 månader gammal. Faren ville ha henne med seg til Amerika, men Tone sette foten ned, og jenta vaks opp på Grånheia med bestemor og onkel.

Emmy hadde ein lykkeleg barndom, ho var med i stellet på garden og med dyra som ho var så glad i. Det var eit enkelt liv. Onkelen fiska og jakta, om vinteren laga han bærkorger og han dreiv med bier. Bestemora selde kjøtt, smør og egg på butikken, og kjøpte varene dei trong.

Emmy reiste tidleg ut for vidare skulegang. Ho utdanna seg til skulekjøkkenlærarinne. Seinare tok ho meir utdanning i Amerika, og ho

arbeidde for FN med utviklingsarbeid i den tredje verda i mange år.

Då Emmy blei pensjonist, hadde ho overteke Grånheia. Ho ville gi eigedomen som gåve til folk i Åmli. Slik vart stiftinga Åmli bygdetun til. Her kan skuleborna sjå korleis livet var i "gamle dagar", plukke frukt og bær og drive jordbruk. Lag og organisasjonar kan ha kurs og møte, og lokala kan leigast av enkeltpersonar eller grupper til ulike arrangement.

